

Gamle urter

Kvann - den første grønnsak?



Dette er fjellkvann (*Angelica archangelica* ssp. *archangelica*) som veks vilt på fjellet. I Noreg finst i tillegg strandkvann (*Angelica littoralis*) som ikkje er etande. Den gamle kvanntypen som vart dyrka i kvanngardr var ein annan variant kalla Vossakvann (*Angelica* var. *maiorum* Fægri) som no er i ferd med å bli utrydda.

KVANN

Kvann (*Angelica archangelica*) er ei av dei eldste hageplantene våre (i lag med humle, sjå eigen plakat i tunet). Snorre skreiv om kvannplanta i saga om Olav Trygvason (968-1000). På 1100-talet tok dei til å gjerda inn hagar (gardr) nær gardstunet.

Dei grøne plantedelane vart etne om våren og gav viktige vitamintilskot. Rota er søt og vart brukt som snop, eller som skrå og tobakk.

Kvann vart også brukt som medisinurt mot kolikk, diaré og andre magesmerter. Å tygga kvannrot skulle verna mot pest og andre smittsame sjukdomar.

SMAK PÅ PLANTENE

Det er lov å smaka på plantene!

ANDRE URTER I HAGEN

Denne urtehagen inneheld også karve, rabarbra, bjørnerot og humle.

På fleire av hustaka her på museet veks det taklauk. Taklauk skulle hindra brann..



Løpstikke er ein annan gamal nyttevekst som du finn fleire stader her på museet.

Den vart brukt som grønnsak, medisin og vart planta for å halda hoggormen vekk frå husa.